



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Rapport etter ekstremvêret «Dagmar» i Sogn og Fjordane






FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Fylkesmannen er Regjeringa og staten sin fremste representant i fylket, og har ansvar for at Stortinget og Regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer vert følgde opp. Fylkesmannen skal fremje fylket sine interesser, ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styringsorgan.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvar for oppgåver knytt til helse- og sosialområdet, kommunal forvaltning, samfunnstryggleik, miljøvern, barn og familie, landbruk, utdanning og barnehage. Vi er om lag 120 tilsette, og er organisert slik:



HER FINN DU OSS:

Statens hus, Njøsavegen 2, Leikanger
Telefon 57 64 30 00 – Telefaks 57 65 33 02
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Landbruksavdelinga:

Hafstadgården, Fjellvegen 11, Førde
Telefon: 57 64 30 00 – Telefaks 57 17 77
Postadresse: Postboks 14, 6801 Førde

E-post: fmsfpost@fylkesmannen.no

Internett: <http://www.fmsf.no>

Framsida er teke av Asle Espe, Sissel Espe og Haavard Stensvand

Forord

Denne rapporten summerer opp ein del av dei erfaringane som Fylkesmannen, andre regionale styresmakter og kommunane har gjort i samband med orkanen «Dagmar» 1. juledag 2011, og den intense nedbøren dagen etter. Det er gitt ei nokså omfattande skildring av kva som faktisk skjedd, men det er òg lagt vekt på å kunne trekkje ut viktige lærdomar av hendingar.

«Dagmar» var ikkje først og fremst ei hending som kravde akutt livreddande innsats. Uvêret fekk alvorlege konsekvensar på veldig mange samfunnsområde, og involverte fagstyresmakter innan mange sektorar. Den kravde ei koordinert mobilisering av innsats for å gjere det tryggast mogleg for folk, og for raskast mogleg å få samfunnet tilbake i ein normalsituasjon. Samarbeid, samhandling og samordning av innsats på alle nivå var difor heilt nødvendig.

Sjølv om situasjonen tidvis var dramatisk, er det i ettertid òg flott å sjå korleis fylket var i stand til å mobilisere store ressursar i ein felles innsats. Folk stilte opp og hjalp til det beste dei kunne, enten som ein del av jobben som montørar i kraftselskapet, som tilsett i den kommunale heimesjukepleien, som frivillig i Røde Kors Hjelpekorps osv. Dugnadsånda viste seg å vere svært sterk, og dette var ein viktig grunn til at det alt i alt gjekk veldig bra.

Det omfattande og langvarige utfallet av straum- og teleforsyninga var den alvorlegaste konsekvensen av uvêret. I risiko- og sårbarheitsanalysen for Sogn og Fjordane («fylkes-ROS») frå 2007 var begge desse hendingane omtalte som sannsynlege. Det er nok ikkje tvil om at samfunnet i for liten grad har planlagt for å kunne handtere langvarige bortfall av slike tenester. Det er ein svært viktig lærdom å ta med seg vidare.

Ein erfaringsrapport etter ei akutt hending må nødvendigvis leggje sterk vekt på å identifisere område som må jobbast med, for at samfunnet skal vere betre rusta til å handtere ein liknande situasjon i framtida. Det er likevel viktig å kunne ha minst to tankar i hovudet samtidig, slik at erfaringane òg kan brukast til å tenkje korleis det kan drivast eit endå betre førebyggjande arbeid. Ekstremvêr let seg rett nok vanskeleg førebyggje, men det er mogleg å gjere mykje for å redusere konsekvensane av dei. Klimaendringar gjer at vi i framtida må forvente oftare ekstremnedbør, flaum og skred. Det gir endå meir grunn til å tenkje førebyggjande.

Det vil vere viktig førebygging å ustyre viktige basestasjonar og sentralar i telenettet med naudstraumforsyning. Det same gjeld for sjukeheimar og helseinstitusjonar. Ei trygg arealplanlegging er òg ein heilt sentral del av det førebyggjande arbeidet. Målet er å hindre at bygg og viktig infrastruktur vert lagt til utsette område, enten det er fare for naturhendingar, industriulykker eller andre farar. På same måte er det òg viktig for kommunane å følgje opp forventningane i sivilbeskyttelseslova om å analysere sårbarheit i allereie eksisterande busetnad. Mange hus i Sogn og Fjordane ligg i område som kan vere utsette. Det er difor viktig å skaffe seg kunnskap om kvar desse områda er, og kva som kan gjerast for å gjere dei tryggare.

Klimatilpassingsutvalet sin rapport (NOU 2010:10) gav ein nokså brei omtale av behovet for å ta igjen etterslepet i vedlikehald av offentleg infrastruktur (kraftnett, vegar, vassforsynings- og avløpsanlegg osv.). Fylkesmannen har ikkje faglege føresetnader for å kunne seie noko om kor vidt manglande vedlikehald skapte eller forsterka negative konsekvensane av «Dagmar». Skal Sogn og Fjordane vere betre rusta til å møte framtidige ekstremvêr, bør uansett ikkje merksemda på betre vedlikehald, inkludert nødvendig sikring mot flaum og skred, vere noko mindre her enn i andre fylke. Tvert imot viser erfaringa at vi er meir utsette for naturhendingar enn mange andre fylke.

Anne Karin Hamre

Haavard Stensvand
fylkesberedskapssjef

Innhald

1.	Innleiing	5
2.	Skadar	5
2.1.	Kraftforsyninga	5
2.2.	Teletenester	6
2.3.	Vegnettet	6
2.4.	Kringkastingsnettet	7
2.5.	Andre skadar	7
3.	Konsekvensar	7
3.1.	Konsekvensar av svikt i teletenestene	8
3.2.	Helsetenesta	8
3.3.	Institusjonsbasert pleie og omsorg	9
3.4.	Heimebaserte tenester	9
3.5.	Vassforsyning	9
3.6.	Skred og flaum etter store nedbørmengder	9
3.7.	Andre konsekvensar	9
4.	Organisering av kommunal krisehandtering	10
5.	Regional krisehandtering	10
5.1.	Varsling	10
5.2.	Opptrapping 25.12. - etablering av Fylkesmannen si kriseleiing	12
5.3.	Fylkesberedskapsrådet	13
5.4.	Kommunane – kontakt, ressursbehov m.v.	13
5.5.	Kriseinformasjon	13
5.6.	Kontakt med nasjonale styresmakter – besøk	14
6.	Vurderingar, lærdomar, erfaringar	14
6.1.	Førebygging og beredskap i tele- og kraftforsyninga	15
6.2.	Rutinar for alternative legevaktssentralar, samordna beredskap	15
6.3.	Vegnettet	15
6.4.	Politiet og kommunane – samhandling, ansvarsdeling m.v.	15
6.5.	Rolla til frivillige organisasjonar, Sivilforsvaret, Forsvaret m.v.	16
6.6.	Ansvarsprinsippet – vurdering av eiga sårbarheit	16
6.7.	Koordinering og samhandling – fylkesberedskapsrådet si rolle	17
6.8.	Kriseinformasjon	17
6.9.	HMS	18
6.10.	Den enkelte innbyggjar sitt ansvar	18

1. Innleiing

På ettermiddagen søndag 25. desember 2011 treffe ekstremvêret «Dagmar» Sogn og Fjordane. På målestasjonen på Kråkenes i Vågsøy vart det målt middelvind på opp til 45,6 m/sek, og det var kast med ein styrke på opp til 58,4 m/sek. Etter Beaufortskalaen er grensa for orkan 32,7 m/sek. Vinden var òg sterk innover land, og det vart målt ekstrem vind både på Sandane lufthamn og i Fjærland (Meteorologisk institutt reknar middelvind over 28,5 m/sek som ekstrem). I Florø var det òg målt vind tett oppunder ekstreme verdiar.

På instituttet sin målestasjon på Juvasshø i Lom kommune (1894 moh) vart det i samband med «Dagmar» målt vindkast på 64,7 m/sek. Dette er truleg sterkaste vindkast som er målt på ein vêrstasjon på det norske fastlandet.

Sjølv om det berre er få stader i fylket det er dokumentert at det var ekstrem vind, er det sannsynleg at det kan ha vore sterkare vindkast enn det som er målt på Meteorologisk institutt sine stasjonar. Instituttet seier at vindkasta ofte er svært lokale, og varierer mykje i styrke frå plass til plass.

Det var svært høg vasstand, og i kombinasjon med vinden skapte dette stormflo, som igjen forsterka problema og skadeomfanget. I Måløy vart det kl. 22.40 målt ein vasstand på 267 cm over sjøkartnull (7 cm over grensa for å vere ekstrem). Det var lokal oppstuving av vatn i vikar og fjordar, og t.d. på Nordfjordeid kan vasstanden ha vore omkring ein meter høgare enn i Måløy. I tillegg har bølger slått inn over flatt land og gitt eit ekstra bidrag. I Hornindalsvatnet kan vinden ha ført til ei monaleg oppstuving av vatn i austenden.

Vinden minka rundt midnatt, og det var forholdsvis godt vêr til ut på ettermiddagen kvelden måndag 26.12. Då kom det store nedbørsmengder over store delar av fylket, og nedbøren førte til flaum og skred mange stader. Det var store lokale variasjonar i nedbøren, men særleg Indre Sunnfjord og Indre Sogn hadde mykje nedbør. På stasjonen Tefre i Førde vart det målt 77 mm nedbør mellom kl. 07.00 den 26.12. og kl. 07.00 den 27.12.

2. Skadar

Den kraftige vinden, stormfloa og seinare den sterke nedbøren, førte til omfattande skadar i store delar av Sogn og Fjordane, og dei mest kritiske skadane kom på infrastruktur (teleforyning, straumforyning og vegnettet).

2.1. Kraftforyninga

Det oppstod skade både på sentralnettet og på distribusjonsnettet i fylket. Det var svært mange trefall på linjene, men òg mange mastehavari, komponentar som vart defekte, og andre tekniske feil. På det meste var over 56.000 abonnentar utan straumforyning. Etter éin time var om lag 49.000 abonnentar framleis utan straum, etter 6 timar om lag 40.000, etter 24 timar om lag 16.500 og etter 48 timar nesten 5.000 abonnentar.

Situasjonen var spesielt alvorleg i Nordfjord og Sogn. I Nordfjord vart i praksis straumforyninga nede i alle kommunar på både nord- og sørsida av fjorden, frå Selje/Vågsøy ytst til Hornindal/Stryn inst. Unnataket var Bremanger, som hadde foryning i Svelgen og områda omkring. Langs Sognefjorden var dei største utfalla i Vik, Balestrand, Leikanger, Luster og Lærdal. I tillegg mista mange abonnentar i delar av andre kommunar òg foryninga.

Mange stader vart bortfallet av straumforyninga langvarig. Dei fleste kommunesenter og større tettstader hadde fått tilbake foryninga i løpet av kvelden/natta 26. desember, men i Stryn og

Hornindal var ikkje straumnettett tilbake før om ettermiddagen 27. desember. Mange abonnentar var utan straum etter det, og hovudnettett vart vurdert som veldig sårbart p.g.a. store påkjenningar og mellombelse reparasjonar.

Luster kommune rapporterer at straumforsyninga i området Kroken-Sørheim var borte i 70 timar, i Leirdalen 92 timar og på Veitastrond i 96 timar.

Nettselskapa hadde i underkant av 300 av sine eigne tilsette i arbeid for å utbetre skadane. Arbeidet vart forseinka på grunn av det dårlege vêret, få timar dagslys, stengde vegar og vanskelege flygeforhold for helikopter. Etter kvart vart òg innleigde skogsarbeidarar og montørar sett i arbeid.

2.2. Teletenester

Den omfattande svikten i straumforsyninga var den viktigaste årsaka til at det òg vart store utfall i telenettett. Etter kvart som batteriforsyninga (back-up) svikta i basestasjonane for mobiltelefoni, fall desse ut. I Telenor sitt mobilnett var på det meste meir enn 1/3 av basestasjonane nede. Dette var stasjonar i så å seie alle kommunane. Ein stor del av basestasjonane til dei andre selskapa (TeliaSonera og ICE) hadde òg utfall.

Det var òg store utfall i fastnettett (telefoni og breiband), maritim radio, og i radionetta til politiet og helsevesenet.

I tillegg til svikten i straumforsyninga, medverka òg såkalla transmisjonsfeil og skadar på sjølve utstyret, til utfalla i fastnettett. Skadar på kablar og fiberføringar, og i nokre tilfelle skadar på sjølve basestasjonen, innverka på omfanget av svikten i mobilnettett.

Til liks med straumforsyninga varte òg bortfallet av teletenester fleire døgn. I enkelte område varte bortfallet fleire veker.

I rapporten «Første inntrykk etter ekstremværet «Dagmar» omtalar NVE kraftforsyninga sine utfordringar som følgje av svikt i telesambandet. Rapporten seier at for kraftforsyninga er den største utfordringa å halde oppe sambandet mellom driftskontrollsystema og anlegga som skal styrast. Styring av desse kan vere kritisk under ei ekstraordinær hending.


2.3. Vegnettett

Store delar av hovudvegnettett vart stengt 25.12., i tillegg til veldig mange andre vegstrekningar (fylkesvegar og kommunale vegar). Hovudtyngda av stengingar var i Nordfjord og i Indre Sogn. Dei aller fleste stengingane skuldast tre som hadde falle over/i vegbana, men vinden gjorde det t.d. nødvendig å stenge Måløybrua for trafikk ein periode.

Dei fleste ferjene var ute av drift i løpet av kvelden 25.12., på grunn av grov sjø og veldig høg vasstand.

I løpet første halvdel av 26.12 var det gjort så mykje utbetringar og opprydding at ingen av vegane var stengt. Unnataket var fylkesvegen til Otterdal, som meir og mindre var vaska bort, og fv. 609 mellom Førde og Askvoll. Då den sterke nedbøren kom i løpet av kvelden vart vegnettett igjen råka, men med svært store lokale variasjonar. Det aller meste av hovudvegnettett vart stengt, i tillegg til store delar av det underliggjande nettett. I all hovudsak kom stengingane på grunn av skred og flaum. Dei mest råka områda var Midtre og Indre Sogn, og området frå Førde til Gloppen. På E-39 frå Førde til Skei vart vegen stengt på stader det aldri har vore stengingar tidlegare.

Det var ikkje vegsamband mellom Sogn og Sunnfjord/Nordfjord før fv. 55 (Sogndal-Vadheim) vart opna ut på ettermiddagen 27.12. Hovudsambandet frå Sogn og Nordover via rv. 5 vart ikkje opna igjen før skredet var rydda i Kjøsnesfjorden 28.12.



Kart frå Statens vegvesen som syner omfanget av skadar og stengingar på vegnettet

2.4. Kringkastingsnettet

Delar av kringkastingsnettet i fylket vart slått ut. I følgje Norkring var 24 sendarar for P1 ute, og dei fleste utfalla varte to døgn eller meir. Desse 24 sendarane var beste, og/eller einaste, P1-sendarar for litt under 1/3 av innbyggjarane i fylket.

2.5. Andre skadar

Vind, styrtregn og stormflo førte til masse andre skadar og problem, t.d. på vassverk, flyplass, jernbane (både Flåmsbana og Bergensbana vart stengt), bygningar, kaiar/moloar, skog (truleg skade på om lag 200 000 m³ skog) m.v.

3. Konsekvensar

Ekstremvêret og det påfølgjande regnet fekk store konsekvensar i Sogn og Fjordane. Særleg var den omfattande svikten i infrastrukturtenestene alvorleg. Fylkesmannen kjenner til to dødsfall som har vore mistenkt for å ha samband med uvêret. Begge skjedde i Luster kommune. Ved det eine tilfellet døyde ein pasient utan at det var råd å kome i telefonisk kontakt med Medisinsk naudhjelp 113 og legevakt. Ved det andre omkom ein mann i samband med opprydding langs vegnettet. Det

første dødsfallet vert undersøkt av Helsetilsynet. Når det gjeld ulykka i samband med opprydding langs veg, har Statens vegvesen opplyst at dette var eit arbeid som ikkje hadde samband med skadane etter «Dagmar».

3.1. Konsekvensar av svikt i teletenestene

Etter Fylkesmannen si vurdering var det samanbrotet i telekommunikasjonane som fekk dei største konsekvensane. Det førte m.a. til at:

- Publikum ikkje fekk meldt frå om hendingar til alarmtelefonane (110/112/113)
- Tryggleiksalarmar til heimebuande eldre og andre tenestebrukarar fungerte ikkje
- Kommunar og andre styresmakter fekk store problem med å kommunisere og å gi informasjon
- Kommunikasjonen mellom primærlegane og sjukehusa, og frå sjukehus til sjukehus, var svært vanskeleg
- AMK sin kommunikasjon med ambulansestasjonane var svært vanskeleg, og på same måte operasjonssentralen sin kontakt med politipatruljane
- Innkallinga av ekstrapersonell ved sjukehusa vart vanskeleg
- Kraftselskapa klarte ikkje å halde tilfredsstillande oversikt over situasjonen for montørane som var ute og jobba
- Varsling/utkalling av HV- og sivilforsvarspersonell vart vanskeleg
- Vegvesenet sin kontakt med sine vedlikehaldsentreprenørar vart vanskeleg
- Ferjer og båtar var utan kommunikasjonsutstyr (bortsett frå eventuelle satellittelefonar)

3.2. Helsetenesta

Situasjonen for Helse Førde var svært krevjande, særleg på grunn av svikten i telekommunikasjonane. Helse Førde sine interne teleløyvingar ved sjukehusa fungerte normalt. Det var ekstern telekommunikasjon ved AMK (naudnummer 113), legevaktsentralane i Førde og Lærdal, og ved sjukehusa i Førde og Lærdal. Ved Nordfjord sjukehus og legevaktsentralen var det ikkje det.

Det var ikkje samband mellom alle sjukehusa og institusjonane, og heller ikkje til ambulansestasjonane. Manglande telekommunikasjon gjorde at det ikkje var mogleg for pasientar/pårørande å kome i kontakt med medisinsk naudhjelp eller legevakt, og tilsvarende den andre vegen. Det var vanskeleg å varsle og gi beskjedar til tilsette, det var vanskeleg å tilkalle ekstrahjelp, og vanskeleg å melde frå for tilsette som ikkje kom seg fram til jobb.

Datasystema med elektroniske pasientjournalar på sjukehusa fungerte i det alt vesentlege, og det var òg mogleg å kommunisere via internett. Naudstraumforsyninga på sjukehusa fungerte tilfredsstillande. Det er institusjonar i Helse Førde som ikkje har aggregat, t.d. psykiatrisk avdeling si avdeling på Tronvik og Indre Sogn psykiatrisenter.

Stengde vegar gjorde at folk ikkje kom seg på arbeid, noko som igjen gav ekstra slitasje på personell som ikkje vart avløyst.

For dei prehospitala tenestene (tenester utanfor sjukehus) var det vanskeleg at ambulansestasjonane ikkje hadde naudstraum. Det store omfanget av stengde vegar var krevjande for ambulansetenesta. Belastninga for pasientane vart større på grunn av auka reiseavstand og -tid, og bruk av utradisjonelle transportmiddel.

Problema med ambulansetransporten var størst i Sogn, sidan transport langs vegane til/frå sjukehusa i Førde og Voss/Bergen var umogleg i rundt eitt døgn. Vegen mellom Askvoll og Førde var stengt i fleire døgn, men her var det alternativ transport via ferja Eikenes-Dale, og bruk av ambulansebåt. Mange bygder og grender var isolerte, t.d. Otterdal (Hornindal), Flo (Stryn), Arnafjord (Vik),

Veitastrond (Luster) og Bakka (Aurland). Det var i god del av tida vanskelege flyforhold for legehelikopteret, og flyplassen på Sandane vart stengt p.g.a. problem med teknisk utstyr.

I mange kommunar måtte det gjerast tiltak for å kompensere for at det ordinære (interkommunale) legevaktsystemet ikkje fungerte, på grunn av stengde vegar og manglande straum- og telenett. Fleire stader måtte det etablerast lokal legevakt, gjerne tilknytt bygg med straumforsyning (sjukeheim/omsorgssenter eller kommunehus). Ved sidan av at kommunane har rapportert om nokre konkrete hendingar der det var problem med ambulansetransport til sjukehus, er det òg rapportert om eit par tilfelle der det var problem med å få fram medisin.

3.3. Institusjonsbasert pleie og omsorg

Det er meir enn 1/3 av sjukeheimane i kommunane som enno ikkje har aggregat for forsyning av naudstraum. Nokre av kommunane som har aggregat fekk problem med å få desse til å fungere. På institusjonane utan straumforsyning måtte det skaffast hovudlykter til tilsette, det måtte kallast inn ekstra personale, brukarar måtte halde senga, det måtte finnast improviserte løysingar for bruk av medisinsk/teknisk utstyr, matlaging og oppvarming osv.

3.4. Heimebaserte tenester

Mange av kommunane måtte etablere alternative løysingar for heimebuande brukarar. Det er rapportert om innkalling av ekstra personale, omprioritering av folk på vakt, tilbod om opphald på sjukeheimen, auka tilsyn og anna kontakt med eldre og andre brukarar, bruk av frivillige til å besøke eldre osv. Eit par av kommunane nemner at folk følte seg utrygge og engstelege.

3.5. Vassforsyning

Fleire kommunar seier at det oppstod problem med vassforsyninga. På grunn av straumbortfallet var t.d. Kvammen og Bulandet i Askvoll utan vassforsyning i to døgn. I Balestrand førte bortfallet til at hovudvasskjelda fall ut.

Nokre kommunar seier at straumavhengige reinseanlegg stansa, og det vart sleppt ureinsa vatn ut på nettet. Nokre stader måtte det koplast inn pumpe og/eller aggregat, m.a. for å halde oppe trykket, og for å drive reinseanlegget.

3.6. Skred og flaum etter store nedbørsmengder

I Førde og Høyanger skapte det kraftige regnet og snøsmeltinga 26.12 problem. I Høyanger måtte kommunen evakuere nesten 50 menneske frå bustadhus p.g.a. flaum- og skredfare. Kommunen gjorde fleire forsøk på å kome i telefonkontakt med politiet i samband med dette, men fekk ikkje dette til. Politiet har i etterkant sjekka lydloggen, men kan ikkje finne at det er registrert samtalar på dei tidspunkta kommunen ringde.

I Førde voks mange sideelvar svært fort, fleire bekkeinntak gjekk tette, og det var stor fare for at bygningar skulle verte tekne av flaum.

3.7. Andre konsekvensar

Etter kvart begynte det å verte mangel på drivstoff. Bensinstasjonane er avhengige av straum for å kunne pumpe drivstoff opp frå tankane. Tine sitt meierianlegg på Byrkjelo (det største meierianlegget i Norge målt etter innmålt mjølkemengde) kunne ikkje ta mot mjølk. Saman med kjølesystem som ikkje fungerte, gjorde det at bøndene måtte slå ut mjølk. Mjølking var i seg sjølv problematisk, og det same var det at grovfor- og kraftforautomatar ikkje fungerte.

Her ei summarisk opprekning av ein del andre konsekvensar:

- På Nordfjordeid måtte folk flyttast ut av husa sine på grunn av stormflo.

- Buss med mange passasjerar vart stengt inne mellom skred i Lånefjorden i Balestrand (passasjerane måtte fraktast ut med båt)
- Det var lekkasje i ein sjønær oljeleidning på Årdalstangen (ca. 6800 liter olje av typen Therminol rann ut)
- Bergensbana og Flåmsbana var stengt
- Det var mange stader farleg å opphalde seg på grunn av takplater og -stein som flaug av garde
- Drivtømmer i fjorden skapte problem for båttrafikken (særleg Sognefjorden)
- Ein del butikkar, særleg i Nordfjord, måtte kassere kjøle- og frysevarer, alt etter kor lenge dei var utan straum
- Oppdrettslaks rømde frå anlegg i Nordfjord

4. Organisering av kommunal krisehandtering

I sine evalueringsrapportar seier alle kommunane at dei kjente til at uvêret var varsla. Rapportane kan tyde på at førebuingane var nokså ulike frå kommune til kommune. Ingen av dei tok kontakt med kraftselskapa på bakgrunn av ekstremvêrvarselet, sjølv om det var oppmoda om det frå Fylkesmannen si side.

Ca. ¼ av kommunane seier at det før uvêret kom vart etablert kontakt mellom personar i kommuneleiinga. Ni av kommunane seier at det vart starta førebuing til oppbemanning, i tilfelle det skulle verte nødvendig.

Då «Dagmar» kom vart det i nesten 3/4 av kommunane etablert kriseleiing. Mange av kommunane som ikkje etablerte kriseleiing seier at det likevel var kontakt mellom folk i kriseleiinga. Kommunelegen/helsetenesta var representert i kriseleiinga i dei fleste kommunane som etablerte denne.

Dei fleste kommunane seier at dei etablerte kontakt med andre sentrale aktørar, særleg politiet, kraftselskapa og frivillige organisasjonar.

5. Regional krisehandtering

5.1. Varsling

NVE sende den 22. desember ut ei melding om flaum med denne teksten:

Meldingen gjelder for perioden 23. – 27. desember 2011

Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

I perioden fra fredag til og med mandag ventes lokalt mye nedbør på Vestlandet i området fra nord for Boknafjorden til Stad. Det meste av nedbøren ventes å komme som regn under 800 – 1000 moh. Sammen med snøsmelting kan dette gi raskt økende vannføring i bekker og mindre vassdrag.

Det er fare for lokale oversvømmelser som følge av is og snø som delvis tetter rør, sluk og andre avløpsveier.

Kombinasjon av regn og snøsmelting på allerede vannmettet jord medfører økt fare for jordskred. Dette gjelder spesielt i terreng med bratte skråninger og langs bekkeløp.

Fylkesmannen sende same dag meldinga vidare til postmottaka i alle kommunane.

Etter å ha motteke eit ekstremvarsel vel ein halv time før, sendte Fylkesmannen den 25.1. kl. 00.02 ut denne meldinga gjennom varslingsystemet (e-post og SMS):

Følgjande melding kom frå Meteorologisk institutt i kveld kl. 23.21:

Et lavtrykk nordaust for New Foundland, flytter seg med ca 100 km/t og forsterker seg til et stormsenter, det ventes nær Helgeland natt til mandag. Den sterkeste vinden sør for lavtrykket kommer inn mot Nordfjord og Møre og Romsdal seint søndag kveld, i Trøndelag noen timer seinere. Lavtrykket svekkes sakte når det passerer. Men stormen vil mange steder være blant de 10 sterkeste de siste 30 år. Vinden ventes å bli noe svakere enn Nyttårsorkanen (1/1-92) i området sør for Trondheimsfjorden. Det astronomiske tidevannet er høyt, tidspunktet for sterkeste vind faller til en viss grad sammen med tidspunktet for den høyeste floen (omkring midnatt), særlig sør for Trondheimsfjorden. Den beregnede vannstanden er omkring grensen for ekstrem vannstand, og kombinert med høye bølger på grunn av sterk vind er det grunn til å ta hensyn til dette.

Søndag kveld ventes det sørvestlig sterk storm 30 m/s på kysten mellom Bremanger og Stad. Vinden dreier vestlig og vil etter kort tid minke. I dreiningen kan vindkastene stedvis komme opp i 40-45 m/s inn over land.

Høy vannstand kombinert med høye bølger ventes samtidig.

Den sterkeste vinden er ventet søndag kveld mellom kl 19-23.

Eg ber om at kommunane rapporterer til Fylkesmannen om situasjonar som måtte oppstå, om tiltak som vert sett i verk, behov som måtte vere m.v. i samband med uvêret. Rapportar kan sendast via CIM, eller som e-post til beredskap@fmsf.no.

Ta kontakt på SMS eller telefon til 915 77 432 dersom de har spørsmål.

Meldinga vart sendt til kommunane Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Naustdal, Selje, Solund og Vågsøy, i tillegg til medlemmer av fylkesberedskapsrådet.

Same dag kl. 07.49 sendte Fylkesmannen ut denne meldinga:

Oppdatering av varsel om ekstremvêret "Dagmar".

Vi mottok i dag kl. 05.10 eit oppdatert vêrvarsel frå Meteorologisk institutt. For Sogn og Fjordane sin del vert det sagt følgjande:

I kveld ventes det sørvestlig sterk storm 30 m/s på kysten mellom Bremanger og Stad. Vinden dreier vestlig og vil etter kort tid minke. I dreiningen kan vindkastene stedvis komme opp i 40-45 m/s inn over land.

Høy vannstand kombinert med høye bølger ventes samtidig.

Den sterkeste vinden er ventet i kveld mellom kl 20-23.

Etter å ha vore i telefonkontakt med vakthavande meteorolog på Vervarslinga for Vestlandet, vel eg å utvide området for vidarevarsling noko. Meteorologen seier at det kan kome svært sterke kastevindar

òg innover i landet, i området frå om lag Bremanger/Flora og nordover. I innlandet er faren for svært sterk vind særleg stor i det vinden vil dreie frå ein sør-vestleg til ein meir vestleg retning. Dette vil truleg skje rundt kl. 22-23 i kveld, og det vil falle saman med høg flo. Den kraftige vinden kan kome til å stuve opp vatn innover i fjorden, og saman med høge bølger vil det gjere dei sjønære områda utsette.

Eg oppmodar på ny kommunane om å rapportere til Fylkesmannen om situasjonar som måtte oppstå, om tiltak som vert sett i verk og behov som måtte vere i samband med uvêret. Rapportar kan sendast via CIM, eller som e-post til beredskap@fmsf.no. Ta kontakt via SMS eller telefon (915 77 432) dersom de har spørsmål eller anna.

I tillegg kommunane som vart varsla gjennom den første meldinga, vart varselet òg sendt til Gloppen, Jølster, Hornindal og Stryn.

Klokka 12.50 vart denne meldinga sendt ut til dei same adressatane:

Ekstremveret "Dagmar" - tilråding av tiltak

Eg viser til tidlegare utsendte varsel om ekstremvêret «Dagmar». Vi har akkurat fått eit oppdatert varsel, og innhaldet er likt det som vart sendt ut i dag tidleg.

Meteorologisk institutt trur at stormen mange stadar vil vere mellom dei 10 sterkaste dei siste 30 åra. Sjølv om vinden er venta å verte noko svakare enn Nyttårsorkanen (1/1-92), er det likevel grunn til å tru at den kan gi øydeleggingar, ikkje minst på kraft- og teleinfrastrukturen. Det er difor ikkje usannsynleg at det kan skje større og mindre utfall av straum, og erfaringsmessig veit vi at det i så fall kan føre til utfall av teletenester òg.

Vi har i løpet av føremiddagen vore i kontakt med politiet og kraftbransjen. Med bakgrunn i denne kontakten vil Fylkesmannen tilrå at kommunane i løpet av dagen tek kontakt med politiet sin operasjonssentral (tlf. 02800). Vi trur at det er lurt å utveksle informasjon om vakhavande/kontaktpersonar i kommunane, og kva telefonnummer dei kan treffast på (eventuelt korleis det kan etablerast kontakt dersom telenettet ikkje fungerer). Frå kommunane si side trur vi at det særleg er teknisk vakt som det er viktig å gi informasjon om. Vi vil tilrå at det på same måten vert teke kontakt med kraftselskapa òg, for å utveksle tilsvarande opplysningar med desse.

5.2. Opptopping 25.12. - etablering av Fylkesmannen si kriseleiing

Fylkesmannen hadde utover dagen den 25.12 kontakt med kommunar, kraftforsyninga sin distriktssjef (KDS) og politiet (fleire gonger). I samtale rundt kl. 18.00 kunne politiet sin operasjonssentral opplyse at det var svært sterk vind på kysten, og at det allereie var begynt å kome ein del meldingar om skade og andre hendingar.

Frå ca. kl. 21.30 vart fylkesmannen si kriseleiing samla på Statens hus. Straumforsyninga var då nede i Leikanger, og Statens hus vart forsynt frå naudstraumaggregatet. Internett var nede (brot på fiberframføring både mot aust og mot vest), men det vart etablert provisoriske system for både internett og telefoni.

Vi hadde i løpet av kvelden og natta kontakt med m.a. mange av kommunane, politiet, NRK, Statens vegvesen, KDS, Helse Førde, Sivilforsvaret, DSB. Arbeidet i kriseleiinga vart avslutta litt før kl. 03.00.

Kriseleiinga møttest igjen morgonen etter rundt kl. 08.00, og sat seinare samla dagleg frå morgon til kveld fram til og med 28.12.

5.3. Fylkesberedskapsrådet

Det vart frå 26. til 28.12. gjennomført fem møte i fylkesberedskapsrådet. Situasjonen med omsyn til liv og helse var det overordna temaet i alle møta.

Møta var viktige for gjensidig oppdatering om situasjonen, utveksling av informasjon, kartlegging av status, prioritering og fordeling av ressursar m.v. Utanom dei formelle møta var det jamleg kontakt med etatane i rådet for å vurdere situasjonen, avklare spørsmål m.v.

5.4. Kommunane – kontakt, ressursbehov m.v.

I første møtet i fylkesberedskapsrådet 26.12. var kontakten til kommunane eit viktig tema. Ingen av etatane/organa i rådet hadde hatt kontakt med kommuneleiinga, politiet eller andre i Eid, Hornindal og Stryn. Det hadde heller ikkje vore kontakt med Bremanger kommune etter 25.12. ca. kl. 23.00. Det vart difor avtalt å sende mannskap frå Sivilforsvaret til Stryn for å ta kontakt med kommune og politi, og overlevere ein satellitttelefon der. Brannsjefen i Flora reiste til Svelgen for å ta kontakt med Bremanger kommune, og ein av Fylkesmannen sine tilsette reiste til Eid for å levere ein satellitttelefon der. I løpet av kvelden vart det oppnådd kontakt med, og rapportert om situasjonen, i alle kommunane.

I Fylkesmannen sin kontakt med kommunane var behovet for ressursar drøfta. Kommunane la særleg stor vekt på behovet for å etablere eit samband. Det vart vurdert å ta i mot eit tilbod om å etablere eit radiosamband hjå kommunane ved hjelp frå radioamatørar (Norsk Radio Relæ Liga). Fordi det var venta at Heimevernet kunne etablere eit samband ein del raskare, vart det bede om hjelp derfrå. Det viste seg å vere krevjande å få til dette, men i mellomtida hadde sivilforsvaret skaffa fleire satellitttelefonar frå Starum. På grunn av problema på vegnettet kom ikkje desse fram til kommunane før ut på ettermiddagen/kvelden 27.12.

Sivilforsvaret skaffa og til vege fire større aggregat, og då vegen vart opna frå Sogn og nordover 27.12. vart desse levert i Gloppen og Stryn.

5.5. Kriseinformasjon

Svikten i telenettet vanskeleggjorde arbeidet med å gi informasjon til publikum. Mange av dei sentrale aktørane, både kommunar og regionale etatar, baserer normalt mykje av si kriseinformasjonsteneste på bruk av heimesider på internett. Bruk av denne informasjonskanalen vart difor svært vanskeleg når nettet låg nede i store delar av fylket. Fylkesmannen brukte sosiale medium ein god del, og erfarte at twitter og facebook òg er nyttige kanalar for formidling av kriseinformasjon for dei delane av fylket som hadde tilgang til internett.

NRK Sogn og Fjordane var ein svært viktig kanal for formidling av informasjon til publikum frå det offentlege. Distriktskontoret har eige naudstraumaggregat, og kunne det meste av tida produsere både radio- og fjernsynssendingar, og bruke nettsida. Distriktskontoret vart bemanna frå ca. kl. 19.00 den 25.12. Det var ekstrasending på P1 kl. 22.03, og 3 ekstrasendingar 26.12. Nettsida vart hyppig oppdatert, og det var direkte rapportar på TV både 25.12. og 26.12. Frå 27.12. var det sendingar etter vanlege sendeskjema. Mange av kommunane kontakta NRK direkte, og i nokre tilfelle via Fylkesmannen.

Under «Dagmar» sette NRK Sogn og Fjordane rekord i oppslutnad om nettilbodet, med opp mot 400.000 «klikk».

Hovudsendaren for P1 var inne, men distriktskontoret hadde ikkje oversyn over situasjonen i sendarnettet elles. Dei var heller ikkje klare over at P2 nokre stader fungerte sjølv om P1 ikkje gjorde det. NRK hadde ikkje oversikt over korleis situasjonen var for sendarnettet for DAB.

Det har i ettertid vore reist noko kritikk mot NRK for at det var for lite omtale av ein del av dei hardast råka kommunane, t.d. Hornindal, Selje og Bremanger. NRK sjølv er samd i mykje av dette, men held fram at det var problematisk å få tilgang til informasjon om korleis det faktisk stod til.

5.6. Kontakt med nasjonale styresmakter – besøk

Fylkesmannen hadde heilt frå 24.12 kontakt med DSB, og formidla jamleg rapportar om situasjonen i fylket via direktoratet. Vi var òg i kontakt med Helsedirektoratet, men det vart avtalt at all rapportering til nasjonale styresmakter skulle skje via DSB. DSB var ein nyttig rådgivar, særleg med omsyn til eksterne ressursar.

DSB orienterte om at Justisministeren ville kome til Vestlandet 28.12., men det viste seg at det var vanskeleg for henne å kombinere eit besøk i Møre og Romsdal med eit besøk her i fylket på same dag. Justisministeren besøkte difor ikkje Sogn og Fjordane.

Fylkesmannen og fylkesberedskapssjefen besøkte kommunane Vågsøy, Selje og Eid den 29.12, og var saman med kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete og samferdsleminister Magnhild Meltveit Kleppa i Nordfjord 30.12. Dei to ministrane besøkte då kommunane Stryn, Hornindal, Eid og Gloppen.

Statsminister Jens Stoltenberg kom til fylket 5.1, og fekk ei orientering om situasjonen i Sogndal. Han deltok etterpå i eit større møte på Statens hus i Leikanger om erfaringane etter uvêret, der mellom anna representantar for statsetatar som DSB og NVE, representantar for fylkesmennene i Hordaland og Møre og Romsdal. I tillegg var det med ordførarar frå ein del råka kommunar i dei tre fylka. Statsministeren besøkte òg Høyanger kommune.

6. Vurderingar, lærdomar, erfaringar

«Dagmar» viste kor dramatisk ekstremvêr kan vere, og kor sårbart samfunnet er for konsekvensane av det. Det gjeld særleg konsekvensane av svikt i infrastrukturtenester som det moderne samfunnet er avhengig av for å fungere. Det viste òg korleis ulike infrastrukturtenester er gjensidig avhengige av kvarandre. Kraftforsyninga må fungere for at teleinfrastrukturen skal fungere, og fungerande teletenester må til for å få kraftforsyninga til å fungere normalt. På same måte er radionettet til helsevesen, politi og brannvesen i stor grad avhengig av straumforsyning, og når straum- og telenettet forsvinn får vassverka får problem med levere drikkevatt i tilstrekkelege mengde og av tilfredsstillande kvalitet.

Det er veldig bra at nasjonale styresmakter har teke tak i utfordringar og lærdomar i kjølvatnet av «Dagmar». Post- og teletilsynet og NVE har allereie fanga opp dei viktigaste av desse innanfor sine ansvarsområde. Statsministeren understreka at erfaringane frå hendinga var svært viktig å ha med seg i arbeidet med dei komande stortingsmeldingane om høvesvis samfunnstryggleik, klimatilpassing og flaum/skred.

Vi vil nedanfor omtale ein del av erfaringar og lærdomar etter «Dagmar» som vi meiner at det er viktig å sjå nærmare på. I dei tilfella der nasjonale styresmakter har sagt at det vil verte jobba vidare med dette, vert det berre gitt ein overflatisk omtale.

6.1. Førebygging og beredskap i tele- og kraftforsyninga

Det er svært viktig å gjere tiltak for å redusere sårbarheita i tele- og kraftforsyninga. Vi vil difor oppmode Post- og teletilsynet og NVE om å halde fram arbeidet med analysar av moglege tiltak og verkemiddel, t.d.:

- Krav til ryddegater, auka bruk av kabling i bakken, kartlegging av skredfare, og andre tiltak for å gjere nettet meir robust
- Gjennomgang av regelverket som regulerer forholdet mellom utbyte og krav til førebyggjande arbeid i selskapa
- Konesjonskrav til oppetider i telesentralar, basestasjonar og andre sårbare installasjonar i nettet (særleg der eit bortfall får store følgjer)
- Krav til personellressursar, lokale/regionale utstyrslager m.v. både internt i selskapa (leverandørane) og mellom desse
- Evna til å gi informasjon til brukarar, og til å kommunisere med desse (særleg mot beredskapsstyresmakter og andre eigarar av kritisk infrastruktur)
- Krav til risiko- og sårbarheitsanalysar og beredskapsplanlegging i selskapa, under dette øvingar (særleg til samhandlingsøvingar)

For teleområdet er det viktig at òg maritim radio og naudnettet vert omfatta av slike analysar og tiltak/verkemiddel.

«Dagmar» viste at det er trong for betre system for tidleg varsling av bortfall av straum- og teletenester, fordi det kunne ha gjort det mogleg å setje i verk tiltak i forkant av eit bortfall. Fylkesmannen har forstått at dette er eit prioritert arbeid i Post- og teletilsynet, og vil understreke at det er viktig å sjå på dette raskt.

6.2. Rutinar for alternative legevaktsentralar, samordna beredskap

Det kan verke som om det er noko uavklarte rutinar for når og korleis alternative legevaktsentralar skal etablerast i kommunane, dersom stengde vegar eller andre problem gjer at dei ordinære systema ikkje fungerer. Det er viktig at kommunane prioriterer raskt å få etablert sikre rutinar for dette.

På same måte må helseføretaket ta initiativ til ei best mogleg samordning av beredskapsplanverket på helseområdet.

6.3. Vegnettet

Under «Dagmar» erfarte vi på nytt at når vegar vert stengde i Sogn og Fjordane, kan dette veldig fort få konsekvensar for liv og helse. Det er ofte umogleg å finne alternative køyreruter, og det er difor heilt nødvendig å sikre prioriteringar av dei viktigaste vegstrekningane.

Prioritering av ressursar for å halde E-39 og rv. 5 opne er eit viktig bidreg til å sikre pasienttransport til Førde sentralsjukehus, og transport mellom sentralsjukehuset og dei andre sjukehusa. Når det gjeld rv. 5 gjennom Kjøsnesfjorden vil vi understreke behovet for å prioritere å bygge tunnel forbi den delen av strekninga som framleis er svært utsett for skred.

6.4. Politiet og kommunane – samhandling, ansvarsdeling m.v.

Nokre av kommunane har rapportert om at det var vanskeleg å få kontakt med politiet. Oppringingar til nummeret 02800 vart ruta til politidistrikt på Austlandet og Sørlandet, og i andre tilfelle fekk ikkje kommunane svar då dei ringde til operasjonssentralen. Politiet er gjort kjent med dette, og seier at det ikkje er uvanleg at 02800 vert ruta til andre politidistrikt. Det er ein del av beredskapen for at publikum skal få kontakt med politiet når det er uvanleg stor trafikk i eige distrikt. Politiet ser ikkje

bort frå at problema med telesambandet kan ha ført til at fleire telefonar kan ha vorte ruta til andre distrikt, enn det som var nødvendig av omsyn til kapasiteten.

Sogn og Fjordane politidistrikt seier at lensmennene i dei kommunane som i følgje vêrvarselet ville verte hardest råka av «Dagmar», var informert på førehand og var tilgjengelege. Politidistriktsleiinga har i etterkant oppmoda lensmennene om ta kontakt med kommunane, og bidra til ei felles evaluering. Dei er òg bedne om å sjå på beredskapen/planverket med tanke på å kunne stå betre rustar ved seinare hendingar.

I samband med evakueringa i Høyanger, og problema med flaum og overvatn i Førde, synte det seg at det kan vere ei noko uklar rolledeling mellom redningstenesta/politiet og kommunane. Fylkesmannen finn det svært uheldig dersom det er uklare ansvarsforhold, og vil følgje dette opp vidare.

6.5. Rolla til frivillige organisasjonar, Sivilforsvaret, Forsvaret m.v.

Dei frivillige organisasjonane, Sivilforsvaret og Heimevernet gav viktig støtte både til kommunane og andre aktørar under «Dagmar». Ordføraren i Stryn sa i etterkant at utan Røde Kors hadde det aldri gått så bra som det gjorde der. Sivilforsvaret skaffa m.a. satellittelefonar og aggregat som kommunane fekk låne, medan Heimevernet m.a. bidrog med personell til synfaring og rydding av kraftgater. Kystvakta sendte fartøyet «KV Ålesund» til Sognefjorden, etter at politiet hadde bede om å kunne ha den i beredskap til ulike oppdrag (transport av mannskap, ambulansetransport m.v.).

Under kriser og alvorlege hendingar er slik hjelp eit svært viktig supplement til aktørane sine eigne ressursar. Skal dei frivillige organisasjonane kunne halde fram med å yte tenester, er det viktig å få til samhandling og samspel med styresmaktene. For kommunane sin del handlar dette t.d. om å ha med organisasjonane i beredskapsrådet, øve saman med dei og elles støtte og oppmuntre arbeidet dei driv.

Det er òg viktig å få til eit godt samspel mellom ansvarlege etatar/styresmakter og dei offentlege bistands-/forsterkningsressursane. Det handlar om at det i beredskapsplanlegginga er nødvendig å kartleggje kva ressursar desse kan stille med, og drive øving og anna samhandling. Det er viktig at Sivilforsvaret og Forsvaret klarar å formidle kunnskap om kva ressursar organisasjonane rår over. For Forsvaret handlar det òg om ein vilje til å trene på disiplinær som det sivile samfunnet spør etter.

6.6. Ansvarsprinsippet – vurdering av eiga sårbarheit

Mange styresmakter, offentlege føretak og andre er avhengige av fungerande infrastrukturtenester for å kunne oppretthalde sitt eige tenestetilbod. Det følgjer av ansvarsprinsippet at den som har ansvaret for ei teneste òg har ansvaret for å planleggje korleis tenestetilbodet skal kunne oppretthaldast under ulike påkjenningar.

Det er difor heilt nødvendig at kommunane, helseføretaket, regionale etatar m.v. gjer vurderingar av kva konsekvensar eit bortfall av tenester som straum og tele vil kunne få, og gjer nødvendig tiltak for å kompensere for eit eventuelt bortfall. Saman med aktørane innan kraft- og teletenester har Fylkesmannen eit ansvar for å formidle på ein tydeleg måte at det alltid vil vere ein risiko for at det kan oppstå langvarig svikt i leveransen av elektrisk kraft og teletenester.

Mange av kommunane seier at det er trong for gjennomgang og oppdatering av ROS-analysar, og for å oppdatere kriseplanverket m.a. med tiltakskort for aktuelle hendingar. Behovet for øving vert òg nemnt av svært mange, og opplæring i krisestøtteverktøyet «CIM» vert etterlyst. Kommunane etterlyser rettleiing og oppfølging frå Fylkesmannen, og vi vil prioritere å bidra med både dette og øvingar.

«Dagmar» viste at òg omsorgsinstitusjonar utan naudstraumforsyning er svært sårbare når det skjer langvarige brot på straumforsyninga. Fylkesmannen vil oppmode på det sterkaste om at dei kommunane som enno manglar straumaggregat på institusjonane, så snart som råd kjøper inn dette, eller gjer sikre avtalar om leige. Den same oppmodinga går òg til Helse Førde.

Der analysar viser stor sårbarheit for bortfall av teletenester, er det òg viktig at det vert kjøpt inn satellittelefonar, eller etablert andre former for samband som kan fungere når det ordinære nettet ikkje gjer det. Både frivillige organisasjonar som t.d. Norges Røde Kors eller Norsk Radio Relæ liga, og Sivilforsvaret eller Forsvaret, kan bidra med viktige ressursar når det ordinære telenettet er nede. Beredskapsplanlegginga må omfatte bruk av slike eksterne ressursar.

I ein del situasjonar kan det vere mogleg å få tilbake forsyninga til prioriterte brukarar. Det er difor viktig at teleselskapa får nødvendig kunnskap kven som har ansvaret for samfunnskritiske funksjonar, og kva behov for teletenester desse har. Alle brukarar som er kritisk avhengige av teletenester, må ha dialog med leverandøren om dette (t.d. innarbeide krav i serviceavtalen).

6.7. Koordinering og samhandling – fylkesberedskapsrådet si rolle

Fylkesmannen har fått tydelege tilbakemeldingar frå aktørane i fylkesberedskapsrådet om at rådet var eit viktig forum for utveksling av informasjon, etablering av felles risikoforståing, prioritering av ressursar osv. Dette er fullt ut i tråd med Fylkesmannen si erfaring, og det stadfestar at ein slik måte å jobbe på er svært viktig når det skjer større hendingar.

For Fylkesmannen er det ei viktig oppgåve å informere kommunane om korleis krisehandtering skjer på regionalt nivå, slik at det vert ei endå betre forståing for behovet for å dele informasjon og melde frå om trong for ressursar. Det er alltid ein fare for at kommunane ikkje er flinke nok til å be om hjelp utanfrå når ei uønskt hending får store konsekvensar. Undervegs er det difor viktig å få til ein god dialog om eventuelle behov for ressursar utanfrå.

Fylkesmannen vil òg halde fram med å tilrå å etablere kommunale beredskapsråd, m.a. fordi det vil kunne bidra til å betre samarbeidet og samhandlinga mellom alle instansar som har eit beredskapsansvar innanfor kommunen sine grenser.

Ein aktuell diskusjon i dei kommunale beredskapsråda kan t.d. vere om det bør avtalast eit fast oppmøtepunkt, i tilfelle det ikkje er råd å kommunisere gjennom vanlege kanalar. Under «Dagmar» viste det seg nokre stader å vere utfordrande rett og slett å finne kvarandre.

6.8. Kriseinformasjon

Tilbakemeldingar både under og etter viser at det er eit enormt behovet for informasjon når det skjer alvorlege hendingar. NRK Sogn og Fjordane gjorde ein svært god jobb med å formidle informasjon til folk. Distriktsredaktøren har sjølv sagt at det den 26.12. burde ha vore fleire ekstrasendingar på P1, og at det burde ha vore ei ekstrasending på TV om situasjonen på Vestlandet. Fylkesmannen er samd i dette.

NRK opplevde innleiingsvis at det kunne vere vanskeleg å få sentrale folk til å stille opp og fortelje om situasjonen. Det er viktig at slikt ikkje skjer, og at ansvarlege styresmakter prioriterer å gi informasjon når det berre er mogleg.

Det er viktig at NRK og Norkring samarbeider om å sjå på korleis sårbarheita i sendenettet kan reduserast. I det ligg òg at det er trong for å sjå på rutinane for å rute om sendingar frå P2 til P1, dersom det berre er sendarar for P1 som er nede.

I Stryn laga kommunen eit handskrive informasjonsbrev, som vart køyrt rundt og delt ut på dørene til folk. Denne direkte kontakten gjorde det òg mogleg å få informasjon tilbake informasjon frå innbyggjarane. Kommunen seier at dei i sitt informasjonsarbeid var medvitne på at det bur mange folk i kommunen som ikkje har norsk som morsmål, og at desse har minst like mykje trong for informasjon som andre. Fylkesmannen ser døma frå Stryn som nyttige innspel både til eigen kriseinformasjonsplan, og for andre offentlege styresmakter sine planar.

Det er viktig at Fylkesmannen og dei regionale etatane planlegg korleis den nye portalen www.kriseinfo.no kan utnyttast for å nå ut til folk med informasjon når det skjer uønskte hendingar.

6.9. HMS

Omsynet til helse, miljø og tryggleik for mannskap i operativ innsats må alltid vege tungt. I gitte tilfelle kan det likevel vere vanskeleg å finne balansen mellom dette omsynet, og omsynet til andre viktige ting i av ein akuttsituasjon.

NRK har ein svært viktig jobb med å rapportere om situasjonen i fylket, men for distriktsredaktøren er det eit dilemma at det i seg sjølv kan vere farleg for reporterane å ferdast ute på vegane. På same måte må helseføretaket vege risikoen ved å sende pasient, lege og ambulansemannskap ut på transportar langs skredfarlege vegar, opp mot medisinskfaglege omsyn for pasienten. Kraftselskapa som sender ut sine folk for å rydde linjer må vege risikoen ved arbeidet opp mot kor viktig det er for samfunnet å få raskt tilbake straumforsyninga. Dette vert enno tydelegare når ikkje-profesjonelle hjelpemannskap, t.d. frå Heimevernet vert sendt ut for å hjelpe til. Det er rekna at det i kjølvatnet av nyttårsorkanen i 1992 omkom seks menneske i samband med skogrydding.

Det er vanskeleg å ha eksakte og eintydige svar på slike dilemma. Det er likevel viktig at dei som tek avgjerder er klar over at dei òg i ein akuttsituasjon tar omsyn til liv, helse og tryggleik for den som skal yte innsats.

6.10. Den enkelte innbyggjar sitt ansvar

Sjølv om det moderne velferdssamfunnet har ein offentlig sektor som yter tenester på svært mange område, er det viktig å understreke at den enkelte òg må ta ansvar for å førebu seg på å møte dei påkjenningane som eit ekstremvêr kan innebere.

Styresmaktene må truleg verte flinkare til å minne folk om at det kan vere lurt å sjå til at lommelykter, batteriradio, mat og brensel er lett tilgjengeleg når uvêret nærmar seg. Dessutan må styresmaktene minne om at offentlege pleie- og omsorgstenester aldri fullt ut kan erstatte verdien av å sjå til naboar og kjenningar som kanskje ikkje er like i godt rusta til å ta vare på seg sjølv.